

Reglement og prisar for leige av Hjelmelandshallen

Vedtatt i formannskapet, sak 128/12.

Innhaldsoversikt

1 Reglement for utleige

2 Leigeprisar

3 Definisjonar - leigetakarar

4 Ordensreglar

5 Branninstruks

1 Reglement for utleige

- Hjelmeland kommune er eigar av Hjelmelandshallen. Idrettshallen skal brukast til idrettsaktivitet. Bygget kan og brukast til andre kulturelle og sosiale føremål og næringsverksemd.
- Kulturkontoret står for utleige av idrettshallen. Hjelmeland skule brukar idrettshallen som gymnastikksal. Nøkkelbrikkene er personlege, og eigar av brikkane står sjølv ansvarleg for bruken av den.
- For kommunen sine frivillige lag og organisasjonar er idrettshallen gratis til idrettsbruk, og dei kan på vårparten søke om treningstider for kommande skuleår. Frivillige lag og organisasjonar i kommunen kan også låne hallen gratis til andre idrettslege arrangement.

2 Leigeprisar

Antall	Pris	Pris gjeld for
1 time	500	Private/næringsdrivande/lag frå andre kommunar
2 timar	750	Private/næringsdrivande/lag frå andre kommunar
3 timar	1000	Private/næringsdrivande/lag frå andre kommunar
Pr. dag	4000	Kommersielt bruk

Ved fast årleg leige får du 30% rabatt for bruk kvar veke, og 15% rabatt for månadleg bruk.

3 Definisjonar - leigetakarar

Definisjon på ideelle lag/organisasjonar (innanfor kommunen)
Alle lag for barn og unge opp til 18 år
Idrettslag
Skyttarlag
Misjonslag
Ungdomslag
Helselag
Kunstlag
Interkommunale selskap
Eldrelag
Musikklag /songlag
Bygdekvinnelag
Lokale politiske lag/lag av same karakter
Fagorganisasjonar knytte til kommunen si drift
Rettssaker, forliksråd m.v.

Definisjonar på ikkje-kommersielle aktørar

Definisjonar på ikkje-kommersielle aktørar

Nærings- og interesseorganisasjonar for eigennyttige formål, t.d. bondelag, bransjeforeiningar, fagorganisasjonar m.v.

Fylkes- og nasjonale frivillige organisasjonar

Private arrangement

Lag/organisasjonar som ikkje er innanfor kommunen

Definisjon på komersielle aktørar

Næringsdrivande/firmaarrangement

Messer/salsutstillingar*

4 Ordensreglar

- Dersom det er behov for ekstra vaktmeister og reinhald, må leigar betala for dette etter gjeldande satsar.
- Unødvendig opphald i korridorar og garderober er ikkje tillate.
- Treningssko som set merke eller har knottar er ikkje tillate i idrettshallen. Treningsfottøy til utebruk skal ikkje nyttast i hallen.
- Utstyr som blir nytta, skal setjast tilbake på plass.
- Røyking i idrettshallen er ikkje lovleg.
- Utleigar skal informera leigetakar om instruksar og rømmingsvegar.

5 Branninstruks

Ved brannalarm:

- sørg for at alle som er i bygget kjem seg ut - følg instruks
- sjekk brannalarmanlegget i gangen ved vestibyle om kor alarmen er utløyst
- sjekk om det verkeleg er brann

Ved brann:

- prøv å slukke med tilgjengeleg sløkkeutstyr
- ring 110 - varsle brannvesenet